



Stord kommune
Postboks 304
5402 STORD

Dato: 17.02.2016
Vår ref.: 2016/1947-1
Saksbehandlar: bjomidt
Dykkar ref.:

Behov for avklaringar om Stordpakken

Me viser til det pågåande arbeidet med Stordpakken. Statens vegvesen presenterte utkast til rammer for pakken i fylkesvegrådet 12.2.2016. Det vart her vist til at Stord kommune no legg opp til å fremja ei ny prinsippsak om delvis bompengefinansiering av pakken. Krav til standard og fart gjer at kostnadene for ny E39 vil vera for store til at det prosjektet skal kunna vera eit prosjekt i Stordpakken. Stord kommune og Statens vegvesen har derfor arbeida fram eit forslag til nytt prinsippvedtak der det vert lagt opp til at E39 vert finansiert som ein del av ferjefri E39, og at dei lokale tiltaka på vegnettet i Leirvik området vert samla i bompengepakken Stordpakken.

Framdrift og fylkeskommunal løyving til Stordpakken må avklarast nærmare med fylkesrådmannen. Me ber derfor om at den lokalpolitiske handsaminga av ei prinsippsak om Stordpakken vert utsett til desse avklaringane ligg føre.

Som eit ledd i den vidare prosessen med Stordpakken, kallar Hordaland fylkeskommune med dette inn Stord kommune og Statens vegvesen til et avklaringsmøte på administrativt nivå om ein framtidig Stordpakke tysdag 23. februar kl. 15:30 på Fylkeshuset, møterom 826. Avdelingsdirektør Statens vegvesen Hordaland Olav Finne og Fylkesdirektør for samferdsel Håkon Rasmussen vert med i møtet.

Med helsing

John Martin Jacobsen
seksjonsleiar

Bjørn Inge Midtgård
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Statens vegvesen - Region Vest